



DEN NORSKE KYRKJA

Ørsta kyrkjeleg fellesråd

Ørsta 15. september 2010

Fornyings-, administrasjons-, og kirkedept. Kirkeavdelingen
Postboks 8004 Dep
0030 OSLO

Vår ref.: SS 27/2010 /008.0.
Dykkar ref:

Høyringsvar - endringar i gravferdslov og kyrkjelov

Ørsta kyrkjelege fellesråd har følgjande uttale i høve framlegg til endringar i gravferdslova;

Kyrkja og kyrkjegardsmynde skal vise respekt for alle trus- og livsyn sine behov i si forvaltning av gravlundar. Fellesrådet vil likevel peike på kyrkja sitt behov for å ha ein vigsla kyrkjegard med kristne symbol. Det å kunne nytte namnet "kyrkjegard" er `og viktig, særleg der kyrkjegarden ligg ved kyrkja. Den kyrkjelege identiteten må òg takast vare på.

Fellesrådet ser at auka tilrettelegging og oppretting av lokale møtepunkt krev auke i praktisk arbeid på kyrkjegardane og meir administrasjon. Dette må takast omsyn til slik at kommunen kan syte føre auka økonomiske rammer til kyrkjeleg fellesråd.

Til endringsforslag i kyrkjelova:

Det er viktig å få på plass ei ordning for sentral kyrkjebokføring. Etter at nytt medlemsregister er etablert vert oppføringar i kyrkjebøkene ført tre gonger; i lokalt datasystem, i manuell kyrkjebok og i sentralt medlemsregister. Dette gjev mykje ekstraarbeid i lokal kyrkjeadministrasjon. Ørsta kyrkjeleg fellesråd støttar seg til framlegg til nytt andre ledd i § 37 i kyrkjelova.

Ørsta kyrkjelege fellesråd


Steinar Sætre
Kyrkjevevje i Ørsta